

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar referanse
202309676-6

Vår referanse
25/2028 - 3

Dato
16.09.2025

Avgrensa høyring - konsesjonspliktavurdering Årøy 1 - kraftverk

Konsesjonspliktavurdering Årøy 1

NVE har sendt på høyring søknad frå Sognekraft AS førespurnad om konsesjonspliktavurdering for rehabilitering og utviding av inntak ved Årøy 1 Kraftverk.

Sognekraft ønskjer å bygge ny kraftstasjon, rehabilitere og utvide inntak, samt å skifte nedre del av vassveg. Dette medfører ei endring i slukeevne ved inntaket frå 3,5-9 m³/s, og auke i produksjon. Dette vil resultere at flaumtap vert redusert, og at dagane med overløp vert redusert frå 43 til 31. Den planlagde endringa medfører større vassføring i periodar og reduserte flaumtoppar mellom inntak Årøy 2 og inntak Årøy 1. Mellom inntak Årøy 1 og utslepp kan det verte færre dagar med vassføring i periodar med stort tilsig og køyrepress. Endringa vil og til ein viss grad redusere flaumtopp i Veitastrondsvatnet.

Inntaket til Årøy 1 ligg i Sogndal kommune, medan deler av strekninga mellom Årøy 2 og Årøy 1 ligg i Luster kommune.

Planstatus:

Området nordaust for elvestrekninga mellom inntak Årøy 1 og inntak Årøy 2 er regulert til næring i gjeldande kommuneplan(<https://www.arealplaner.no/4644/arealplaner/137>), medan resten av området har arealføremål LNFR, bruk og vern av sjø og vassdrag. Rett sør for inntaket Årøy 2 er det avmerka omsynssone våtmark i gjeldande kommuneplan.

Friluftsliv (naturbase.no):

Hafslovatnet nord for tiltaksområdet er eit svært viktig friluftsområde. Også området Simosete- Osen er eit viktig utfartsområde.

Naturverdiar:

Det finst trua, sårbare naturtypar i området som kan verte råka av vassføring i elva. Flaumskogmark mellom inntak Årøy 2 og Årøy 1 (Stupshølen 2, stor verdi, og Stupshølen 1, middels verdi), er allereie sterkt påverka av vassdragsregulering. For dette lokalitetane vil det truleg vere positivt med auka vassføring mellom inntak Årøy 2 og inntak Årøy 1. For

Postadresse:	Telefon:	Kontonummer:	E-post:
Luster kommune	+ 47 57 68 55 00	3785 07 00142	post@luster.kommune.no
Postboks 77		Organisasjonsnummer:	Heimeside:
6866 Gaupne		964 968 241	luster.kommune.no

flaumskogmark (Årøyelvi V1) nedanfor inntaket vil påverknaden truleg vere noko negativ grunna redusert vassføring i periodar.

Årøyvassdraget har to kraftverk, Årøy 1 (konsesjon 1941) og Årøy 2 (konsesjon 1980), som begge slepp ut vatn i Årøyelva. Årøyvassdraget er prioritert vassdrag for revisjon av konsesjonsvilkår, som kan føre til betre miljøtilstand. Luster kommune er kjende med at det har vorte sendt inn anmodning om revisjon av konsesjonsvilkår for Årøyvassdraget frå Hafslovatnet Grunneigarlag i 2025, og det kan vere naturleg å sjå dette i samanheng med vurdering av konsesjonsplikt for endringa i Årøy 1. Årøyvassdraget er ei lakseelv, der delar av vassdraget har krav om minstevassføring. Det er usikkert korleis endra vassregime i andre delar av vassdraget vil påverke fisken i vassdraget.

Med helsing

Ole Gunnar Krakhellen
avdelingsleiar

Marte Meland
rådgjevar